

Manus

LÆR Å BRUKE INTERNETT

Dette manuset skal brukast saman med PowerPoint-presentasjonen *Namn på presentasjon*. Nummereringa av punkta er den same som den i PowerPoint-en. Punkt 1 høyrer til lysbilete 1 (side 1) i PowerPoint-en, punkt 2 til side 2 osv. Det same manuset finn du også som notat under kvart lysbilete.

Skrift som er **utheva**, er kommentarar til kurshaldaren. Skrift med STORE bokstavar er overskrifter. Resten av teksten kan ein lese høgt eller bruke som rettleiar for det kurshaldaren skal seie medan han/ho underviser.

Manus

1. **Gå gjennom læringsmåla med kursdeltakarane før du startar sjølv opplæringa. Dette vil gjere det lettare for dei å lære og hugse det dei har lært.**
2. OPNE NETTLESAREN OG LÆRE OM NETTADRESSER
3. Ein nettlesar er eit program ein brukar for å vise nettsider som ligg på Internett. Det finst ulike nettlesarar. Desse fire er dei vanlegaste.
4. Dei som brukar PC, finn som oftast nettlesaren sin liggjande på oppgåvelinja.
5. Dei som brukar Mac, finn nettlesaren i Dock-en.
6. Dei som brukar nettbrett, må finne ikonet for sin nettlesar mellom dei andre ikona på skrivebordet.
7. Finn ikonet for din nettlesar, og trykk på det.

Hjelp alle å finne ikonet og få opna ein nettlesar.

Manus LÆR Å BRUKE INTERNETT

8. Sjølv om dei ser litt ulike ut, har alle nettlesarane dei same hovudelementa. Det viktigaste elementet er ei adresselinje. Her kan ein skrive inn nettadresser eller bruke fritekst til å søkje.

Her ser de adresselinja slik ho vanlegvis ser ut på PC, Mac og nettbrett.

9. Eg vil bruke dette forenkla vindauget for å gjere det lettare for dykk å sjå kva eg gjer.
10. Alle heimesider har ei nettadresse. Når du skriv inn ei nettadresse i adresselinja, gir du melding til nettlesaren om kva for side du vil besøkje. Vi brukar nettsidene til kongehuset som døme:

«www.» tyder at sida ligg på nettet.

11. «kongehuset» er namnet på sida.

12. «.no» tyder at sida er norsk.

Å bruke nettadresser er veldig greitt når ein veit adressa til den sida ein vil besøkje. Då veit ein at ein kjem til rett stad. Seinare skal vi sjå på korleis ein kan søkje seg fram til ei side.

13. For å kunne skrive i adresselinja må ein først klikke på henne. Etter at ein har skrive ferdig adressa, trykkjer ein på «Enter»-knappen på tastaturet. Han er ganske stor og ligg til høgre for bokstavane. Hos nokre står det «Enter» på knappen, hos andre står det «Go» eller «Return». Hos nokre har knappen bilete av ei pil med vinkel.

Be alle om å skrive inn «www.kongehuset.no» i nettlesaren sin og trykkje på «Enter»-tasten.

Det kan ta litt tid før sida kjem fram.

14. Å FINNE FRAM PÅ EI NETTSIDE

15. Sida som først kjem opp, er framsida. Ho inneheld ein del informasjon, men ikkje alt. For å finne informasjon om andre tema kan ein bruke menyen på sida. Han ligg som oftast øvst eller til venstre på sida. Klikk på ei menyoverskrift for å opne henne. Det går også an å trykkje på andre element som bilete og artikkelar for å lese meir. Alt ein kan trykkje på, er ei lenkje.

16. Dei som brukar datamaskin, vil sjå at musepeikaren blir om til ei lita hand kvar gong han er over ei lenkje ein kan trykkje på.

Få alle til å prøve å trykkje på nokre element på sida.

17. Nokre gonger kan det hende ein klikkar på ei lenkje utan å meine det, eller av andre grunner ønskjer å gå tilbake til noko ein såg på tidlegare. Det finst to knappar med piler på rett til venstre for adresselinja. Trykk på pila som peikar mot venstre for å gå tilbake.

18. Vil du gå framover igjen, trykkjer du på pila som peikar mot høgre.

Be alle om å klikke på nokre lenkjer og prøve å gå fram og tilbake.

19. Å SØKJE MED EITT OG FLEIRE ORD

20. Det er ikkje alltid ein veit den eksakte heimesida ein vil besøkje. Då kan vi gjere eit søk. Det finst mange søkjemotorar, men Google er den vanlegaste. Nokre kallar det å søkje på nettet «å google».

Be alle om å gå inn på google.no.

På google.no får ein opp eit søkjefelt midt på skjermen. Som vi var inne på tidlegare, kan ein bruke adresselinja som eit søkjefelt, men no brukar vi Google.

21. For å søkje på eit tema skriv ein det inn i søkefeltet og trykkjer på «Enter».
22. Det er viktig å vere presis i søka sine. Dersom ein til dømes søker på ordet «kart», får ein melding om at det er over to hundre millionar treff. Dette er ikkje særleg nyttig dersom ein ønskjer å lære om eplekart. Skriv du derimot inn «eplekart», får du opp færre treff, men dei fleste har å gjere med dyrking av eple.
23. Mange sider inneheld meir informasjon enn det det er plass til på skjermen. Då må ein rulle («scrolle») for å sjå alt. Dei med datamaskin har eit rullefelt heilt til høgre i vindauget. Ta tak i det og dra opp og ned for å flytte deg opp og ned på sida.
- 24.
25. Dei med nettbrett brukar ein finger på skjermen for å flytte seg opp og ned på sida.
26. Ofte vil ein søkje på meir enn eitt ord. Skal ein på tur til Førde og vil bu på hotell, kan ein søkje «hotell Førde». Då viser søkjemotoren oss alle sider som inneheld orda «hotell» og «Førde», uavhengig av om orda står nær kvarandre eller i samanheng. Det vil seie at vi kan få artiklar om reiseliv i Sogn og Fjordane, nettsidene til kommunen, avisartiklar og mykje anna. Det vil sjølvsagt også kome sider som viser oversikt over hotell i Førde.
27. For å vere sikker på at vi får så mange slike sider som mogleg kan vi søkje med hermeteikn ("Hotell i Førde"). Då vil vi berre få søkeresultat som inneheld orda i den rekkjefølgja. Slik kan det også vere lurt å søkje dersom ein leitar etter songtekstar eller sitat.
28. Det går også an å blande desse to måtane å søkje på. Får du få treff ved å søkje på nynorsk, kan det vere lurt å prøve bokmål eller engelsk, litt avhengig av kva du leitar etter.

Manus

LÆR Å BRUKE INTERNETT

29. FANER

30. Nokre gonger vil du kanskje ønskje å opne ei ny nettside, men samtidig ha moglegheita til raskt å kome tilbake til den sida du alt er på. Då kan du opne ei ny «fane».

31. For å opne ei fane kan du trykkje på det tomme feltet ved sida av den fana du alt har open (der namnet på sida du er på, står).

32. Dei som ikkje har eit slikt, kan finne eit plussteikn til høgre for adresselinja og klikke på det.

Hjelp alle med å få opna ei ny fane.

33. I denne nye fana kan du søkje eller opne ei ny side.

34. Dersom du ønskjer å sjå på den andre fana igjen, klikkar du på henne.

35. Vil du tilbake til den nye sida, klikkar du på fana til denne sida. Du kan opne så mange faner du vil.

36. FERDIG